

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - T78	15/629

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
74/2015	Formannskapet	PS	08.06.2015
57/2015	Kommunestyret	PS	17.06.2015

Nødstraumsaggregat Meland sjukeheim

Saksopplysningar: Bakgrunn

I samband med ekstremvêret vinteren 2014/2015 vart det fleire ganger bortfall av straumtilførsel til Meland sjukeheim. Under stormen «Nina» var straumen borte i over eit døgn. Delar av denne tida vart det lånt og tatt i bruk eit mobilt straumaggregat. Det er heller ikkje uvanleg at straumen fell ut i samband med torevêr.

Straumutfall er i dag meir kritisk enn det har vore tidlegare. Samhandlingsreforma har ført til at sjukeheimen har fleire pasientar som har behov for straumkrevjande medisinteknisk utstyr. Det vert også brukt eit elektronisk databehandlingssystem som personalet er avhengig av. Vidare er Meland sjukeheim utpeikt som beredskapasbase samt samlingsplass for lokalsamfunnet ved behov i krisesituasjonar. Alle desse faktorane gjer at det er spesielt viktig at ein har kontinuerlig straumtilførsel ved sjukeheimen.

I etterkant av hendingane i vinter har det vore eit ønske om å få på plass eit stasjonært aggregat. For å få utgreidd eit slikt tiltak har COWI vore engasjert for å anbefale plassering av aggregat samt type aggregat og kostnader.

Vurdering

I rapporten frå COWI datert 07.05.2015 er det vurdert at aggregatet bør plasserast i den nye parkeringsgarasjen under tilbygget frå 2014. Det vil då bli bygd eit eige rom i garasjen for aggregatet. Rommet vil ta opp 2 parkeringsplassar, og må ivareta branntekniske krav samt ventilering.

Sjølv aggregatet er planlagt som eit dieselaggregat på 400 KVA, som er tilpassa det maksimale straumforbruket på sjukeheimen. Aggregatet vil bli koplå inn automatisk når straumen på sjukeheimen faller ut. Tank volumet til aggregatet skal tilpassast ei driftstid på 18 t før det må fyllast på.

Kostnadsestimat for aggregatet samt alle tilhøyrande arbeider i prosjektet er på ca 3 mill eks mva.

Det er planlagt å legge tiltaket ut på anbod over sommerferien slik at aggregatet kan stå klart før vinteren 2015/2016.

Folkehelse - - ikkje relevant

Miljø – ikkje relevant

Økonomi – er nødvendig med ei tillegsløyving for å få utført prosjektet

Framlegg til vedtak:

Kommunestyre løyver ekstra midlar til etablering av stasjonært aggregat til Meland sjukeheim. Investeringsbudsjettet vert i 2015 auka med kr 3 750 000,- til nytt prosjekt nr 785 Aggregat Meland sjukeheim. Prosjektet vert finansiert med auke i mva. refuksjon på kr 750 000,- og kr 3 000 000,- i auka lånemidlar.

Formannskapet - 74/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Kommunestyre løyver ekstra midlar til etablering av stasjonært aggregat til Meland sjukeheim. Investeringsbudsjettet vert i 2015 auka med kr 3 750 000,- til nytt prosjekt nr 785 Aggregat Meland sjukeheim. Prosjektet vert finansiert med auke i mva. refuksjon på kr 750 000,- og kr 3 000 000,- i auka lånemidlar.